

SFO 2025-2026

Selje skule



Velkomen til eit nytt år på SFO ved Selje skule!



Stad
kommune

Innhold



SFO

	Sidetal
Helsing frå rektor	3
Tilsette ved SFO	4
Opningstider for skuleåret 2025 - 2026	4
Tilbod i skuleferiar	4
Vigilo	5
Skuleruta 2025-2026	5
Rammeplan for SFO	6 - 12
Årsplan SFO XX skule	13 - 14
Mat	15
Kle	16
Fråvær og sjukdom	16
Utstyr	16
Påmelding og oppseiing av plass	17
Kontakt oss	17
Kap. 12 – Eit trygt og godt skulemiljø	18-20
Vedtekter 2025 - 2026	21 - 24

Helsing frå rektor

Vil med dette ynskje alle saman velkomne til eit nytt skuleår og til SFO. Håper at alle har hatt ein fin og god sommarferie. Tida på SFO skal for alle opplevast som trygt og godt, med omsorg og trivsel for alle. Det gjeld både dei vaksne og borna. SFO skal og vere ein stad der mangfald og inkludering vert ivaretatt, og at alle blir sett og høyrte. SFO stimulerer gjennom leik og aktivitetar til skaparglede, engasjement og utforskartronge og har som mål at kvart enkelt born får utvikle sine interesser og vist sine sterke sider. Skulen og SFO vil arbeide aktivt for eit godt samarbeid med heimen der både rettar og plikter blir ivaretatt frå alle partar.

Vel møtt til første dag på SFO!

Venleg helsing
Per Kenneth Hovdevik

Tilsette

Lisbeth Bergo
Marita Wold
Reidun Løvold
Tove Hamre
Silje Kvamme

Opningstider for SFO - året 2025-2026

	Morgon	Ettermiddag
Måndag	7.30-8.25	14.10-16.30
Tysdag	7.30-8.25	14.10-16.30
Onsdag	7.30-16.30	
Torsdag	7.30-8.25	14.10-16.30
Fredag	7.30-8.25	14.10-16.30

Tilbod i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbod om SFO i feriar for born med fast plass. Dette tilbodet gjeld ei veke før skulestart i august, samt onsdag, torsdag og fredag i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar.

Det er egne betalingssatsar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssatsar ligg på Stad kommune si heimeside – www.stad.kommune.no - under Skule og barnehage.

Fristen for påmelding er tre veker før kvart ferieopphald og seinast 1. mars for veka før oppstart i august. Påmeldinga er bindande.

Vigilo

Vigilo er kommunikasjonsplattforma som vi nyttar. Her vil du finne ulik informasjon og meldingar, t.d. dette informasjonsheftet, handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø og dagsaktuell informasjon frå SFO til heimane.

www.vigilo.no

Skuleruta 2025 - 2026

Månader:	Hending:	Tal skuledagar:
AUGUST	Første skuledag 18. august	10 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Haustferie: 6. – 10. oktober	18 dagar
NOVEMBER		20 dagar
DESEMBER	Juleferie: 22. desember – 2. januar	15 dagar
JANUAR	Første skuledag etter jul 5. januar	20 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: 16. – 20. februar	15 dagar
MARS	Påskeferie: 30. mars – 6. april	20 dagar
APRIL	Første skuledag etter påske 7. april	18 dagar
MAI	Elevfrie dagar: • 1. mai: offentlig høgtidsdag • 14. mai: Kristi Himmelfartsdag • 15. mai: fri • 25. mai: 2. Pinsedag	17 dagar
JUNI	Siste skuledag: 19. juni	15 dagar
SUM		190 dagar

Rammeplan for SFO

Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein rammeplan for SFO som er heimla i Opplæringslova §13-7. Denne rammeplanen ligg til grunn for tilbodet som vert gitt i SFO. Noko av føringane vert refererte til i dette heftet. For å lese heile rammeplanen, sjå <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Barndomen sin eigenverdi (henta frå rammeplan for SFO)

Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i selvvalgt lek og tilrettelagte aktiviteter, og gi rom for rekreasjon og hvile. Barnets beste skal alltid være et grunnleggende hensyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som berører dem, og barnets synspunkter skal vektlegges i samsvar med alder og modenhet. SFO skal bidra til barnas mestring og opplevelse av egenverd.



Tryggleik, omsorg og trivsel (henta frå rammeplan for SFO)

SFO skal ivareta og møte barnas behov for omsorg, trygghet, trivsel, tilhørighet og anerkjennelse. Omsorg er en forutsetning for barns trygghet og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal det enkelte barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og gis muligheter for å gi omsorg.

SFO skal fremme barnas fysiske og psykiske helse og bidra til at de opplever glede og mestring. SFO skal støtte utviklingen av trygge og gode relasjoner barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og barnas foreldre. SFO skal fremme inkludering og bidra til at alle barna har mulighet til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna skal ha mulighet til både aktivitet og hvile i løpet av tiden de tilbringer i SFO.



Mangfold og inkludering (henta frå rammeplan for SFO)

Respekt for ulikhet og anerkjennelse av mangfold skal legges til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne barnas ulike forutsetninger, perspektiver og erfaringer kan SFO bidra til at barna får utvikle et positivt forhold til seg selv og til egen og andres kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal legge til rette for at samiske barn kan bevare og utvikle sitt språk og sin kultur.

SFO skal innrettes slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barnas forutsetninger og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er en del av et inkluderende fellesskap.



Skaparglede, engasjement og utforskartræng (henta frå rammeplan for SFO)

Ved å ta utgangspunkt i barnas skaperglede, engasjement og utforskartræng skal SFO gi en god ramme for helhetlig utvikling og læring. Læring i SFO foregår først og fremst gjennom lek, selvvalgte aktiviteter og samhandling med andre barn og med SFOs personale. SFO skal anerkjenne at å leke er en typisk væremåte blant barn, og at leken har en egenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for lek.

SFO skal støtte barnas naturlige nysgjerrighet og lyst til å skape og være kreative, engasjerte og utforskende. Innholdet, arbeidsformene og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barnas lyst til å leke, skape, utforske og mestre.



Demokrati og fellesskap (henta frå rammeplan for SFO)

SFO skal fremme demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av et likestilt samfunn der alle har mulighet til å bli sett og hørt.

Barna skal oppmuntres til deltakelse i fellesskapet. Barna skal få støtte til å inkludere andres perspektiv, håndtere meningsbrytninger og respektere uenighet og finne felles løsninger. Gjennom å delta i fellesskap får barna øve på å tilpasse seg andre, men også sette egne grenser og uttrykke egne behov.

Barn har rett til medvirkning tilpasset deres alder og forutsetninger, inkludert i arbeidet for et trygt og godt fysisk og psykososialt miljø.



Berekraftig utvikling (henta frå rammeplan for SFO)

Bærekraftig utvikling omfatter sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdier, holdninger og handlinger som fremmer en bærekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg selv, hverandre og naturen.


SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta veloverveide valg.



Leik (henta frå rammeplan for SFO)

Leken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek hver dag. Alle barn skal få mulighet til aktiv deltakelse i leken og å oppleve mestring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for lek som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha et tydelig barneperspektiv. SFO bør legge til rette for at personalet jevnlig kan diskutere og reflektere over hva lek innebærer, og hvordan man som ansvarlig tilrettelegger opptrer i møte med lekende barn.

SFO skal legge til rette for og inspirere til et godt lekemiljø for alle barn. SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i lek og tilrettelagt aktivitet.



Verdigrunnlaget i rammeplanen er førende for val av aktiviteter.

- 2.2. Barndommens egenverdi
- 2.3. Trygghet, omsorg og trivsel
- 2.4. Mangfold og inkludering
- 2.5. Skaperglede, engasjement og utforskertrang
- 2.6. Demokrati og fellesskap
- 2.7. Bærekraftig utvikling

Årsplan SFO

Selje skule

1. halvår	TEMA	AKTUELLE AKTIVITETAR	Aktuelle dagar
AUGUST	BLI KJENT GJENNOM LEIK OG INKLUDERING Rammeplan for SFO pk 3.2 og 3.4	• Bli kjent med kvarandre • Bruke nærområdet	
SEPTEMBER	OMSORG, INKLUDERING Rammeplan for SFO pk 2.3 og 2.4	• BlimE dansen • Samarbeidsoppgåver som brettspel og liknande.	
OKTOBER	SKAPARGLEDE Rammeplan for SFO pk 2.5, 3.3 og 3.5	• Fargar i naturen • Kreative aktivitetar • Gled ein ven – leik og dans	
NOVEMBER	KJENSLER, SAMTALER OG FELLESSKAP Rammeplan for SFO pk 2.3 og 2.6		
DESEMBER	JULEGLEDE, EMPATI Rammeplan for SFO pk 2.3, 3.2 og 3.3	• Julesongar • Nisseven • Juleverkstad	

Årsplan SFO

Selje skule

2. halvår	TEMA	AKTUELLE AKTIVITETAR	Aktuelle dagar
JANUAR	VINTER OG SKAPARGLEDE Rammeplan for SFO pk 2.5 og 3.4	VINTERAKTIVITETAR • akedag • snøengel • snøborg • Kreative prosjekt	
FEBRUAR	SAMANE SIN NASJONALDAG, KARNEVAL og FASTELAVEN Rammeplan for SFO pk 2.4 og 3.3	• Vi fargar flagget til samane • Lagar pynt til karneval	
MARS	PÅSKE Rammeplan for SFO pk 3.3 og 3.5	• Påskeaktiviteter • Akedag • Vaffeldagen (25.3)	
APRIL	VÅRTEIKN OG DYRELIV Rammeplan for SFO pk 2.6 og 2.7	• Bruke nærområdet vårt • Finne liv i naturen etter vinteren	
MAI	SØPPEL, 17. MAI OG SPRØ PÅ HÅRET- DAGEN Rammeplan for SFO pk 2.5, 2.7	• Lære oss navn på vårblomster og insekt • 17. mai pynt • Fargar håret grønt 😊	
JUNI	SOMMAR, LEIK OG SKRUBBSÅR Rammeplan for SFO pk 3.2 og 3.4		

Mat

Om ettermiddagen

Barna må ha med seg niste til måltid på SFO kl 1415, gjerne i egen matboks slik at dei ikkje et den opp i løpet av skuletida. Det vert servert vatn.

Onsdagane

Barna må ha med seg niste til måltid kl 09.00 og 12.00.

Matallergi

Dersom barnet har matallergi, er det viktig at foreldre informerer om dette på SFO.



Kle

Alle barna må ha skifteklede liggande i korga si i gangen (gjerne eit par skift). Fint om de sjekkar denne jamnleg. I tillegg må dei ha ytterkle og sko tilpassa sesongen, og støvlar.

Vi kjem til å vere mykje ute i all slags vêr, og vêret skiftar fort.

Ta med innesko. Hugs også å merke alle kle og sko.

Fråvær og sjukdom

Dersom barnet skal ha **fri** frå SFO, send oss ei melding på Vigilo eller på SMS til telefonnummer 97783581. Vi sjekkar telefonen og Vigilo når vi kjem på SFO, og bekreftar med melding tilbake.

Barn som er sjuke og som ikkje kan vere ute, kan ikkje delta på SFO.

Dersom eit barn vert dårleg i SFO-tida, tek vi kontakt med heimen.

Utstyr

Smartklokke er ikkje tillete på SFO, då alle beskjedar skal gå via oss vaksne. Klokka skal ligge i sekken.

Private leikar skal vere heime.

Avklaringar og forventningar

Samarbeid mellom SFO og heimen er viktig. Ved konkrete hendingar som bør avklarast vil SFO ta kontakt med føresette. Gjensidig openheit og tillit er viktig for å få til eit godt samarbeid mellom partane. Dette for å gje barna tryggleik, og eit godt tilbod hos oss.

Barna kan forvente av personalet:	Føresette kan forvente av personalet:	SFO kan forvente av føresette:
Barna blir møtt av ein vaksen som er tilstades, tydeleg og trygg. Barna blir sett som enkeltindivid og vist respekt. Dei vaksne er gode rollemodellar Barna blir møtt av vaksne med autoritet og varme.	Vi tar barna på alvor, viser interesse, forståing og omsorg. Vi følgjer aktivitetsplikta vår, i forhold til kapittel 12 i opplæringslova. Vi gir tilbakemelding om korleis barnet har det på SFO, og tar kontakt med føresette ved behov. Vi følgjer opp beskjedar og sender barna heim til avtalt tid Vi følgjer rammeplanen sine føringar.	Snakkar positivt om SFO, og dermed bidreg til auka trivsel og tryggleik. Melder frå om sjukdom, fråvær, tider vi skal passe på. Seier i frå dersom det skjer noko spesielt i familien eller heime som kan påverke barnet. Overheld fristar. Vi ønskjer eit godt samarbeid. Vi avtaler gjerne ei tid til samtale med eller utan barn. Vi har ikkje faste foreldresamtaler, men ved behov.

Påmelding og oppseiing av plass

Ein søker om plass for kvart skuleår på www.vigilo.no - foreldreportalen.

Informasjon på Stad kommune si heimeside : www.stad.kommune.no

Søknadsfrist er 1. mars, for å vere sikra plass til skulestart. Det er likevel høve til å søkje om plass i skuleåret.

Før søknadane kan bli behandla, må tidsskjema vere sendt inn.

Dersom ein ynskjer å seie opp SFO-plassen, skal det skje skriftleg. Ein seier opp SFO-plass via nettstaden: www.vigilo.no

Plass i skulefritidsordninga kan seiast opp frå den 1. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

[Tidsskjema skulefritidsordning for skulane i indre Stad - Stad Kommune](#)

[Tidsskjema skulefritidsordning for skulane i ytre Stad - Stad Kommune](#)

Kontakt oss

Telefonnummer til SFO

Base: Seljevegen 3787, 6740 Selje

Tlf: SFO 97 78 35 81

Tlf: Skulen 57 85 86 00

Lisbeth Bergo

Marita Wold

Silje Kvamme

Reidun Løvold

Tove Hamre

Opplæringslova kap. 12

Skolemiljøet til elevane

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\)](#)  Lovdata

§ 12-1. Verkeområde for kapittelet

Dette kapittelet gjeld for skolen, leksehjelpordninga og skolefritidsordninga.

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- kva problem tiltaka skal løyse
- kva tiltak skolen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Opplæringslova kap. 12

Skolemiljøet til elevane

§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

§ 12-6. Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skole, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

§ 12-7. Det fysiske miljøet

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne.

Departementet gir forskrift om saksbehandlingsprosedur for saker som gjeld det fysiske skolemiljøet etter §§ 12-2 og 12-7. I slike saker gjeld ikkje § 29-1.

Opplæringslova kap. 12

Skolemiljøet til elevane

§ 12-8. Tvangsmulkt

For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 12-6 kan statsforvaltaren og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for kommunar og fylkeskommunar. Tvangsmulkt kan fastsetjast samtidig med vedtaket eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulkt får verknad når kommunen eller fylkeskommunen ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter § 12-6, og mulkta går til vedtaket er oppfylt. I vedtaket om tvangsmulkt kan det setjast ein seinare frist for gjennomføring enn den som vart sett etter § 12-6. Ei avgjerd om tvangsmulkt får ikkje verknad dersom det er uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for det.

Avgjerda om tvangsmulkt skal behandlast etter reglane i [forvaltningsloven kapittel IV og V](#).

Mulkta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulkta reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulkt som kan nyttast, og om kor stor mulkta skal vere.

§ 12-9. Straffansvar for brot på reglane om skolemiljø

Med bot eller fengsel i opp til 3 månader blir den straffa som forsettleg eller aktaust grovt eller fleire gonger bryt reglane i § 12-4 første ledd, § 12-4 andre ledd første punktum og fjerde punktum eller § 12-5. Det same gjeld ein rektor som på same viset bryt reglane i § 12-4 andre ledd tredje punktum.

Når det skal vurderast om brotet er grovt, skal det leggjast vekt på kva slags lovbroten det er tale om, og kor stor skade det har ført til.

Dersom ein av reglane i § 12-4 første til andre ledd eller § 12-5 er broten av nokon som handlar på vegner av skolen, kan kommunen og fylkeskommunen straffast, jf. [straffeloven § 27](#).

Straffansvaret er forelda etter 5 år.

§ 12-10. Bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø

Dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje har følgd reglane om psykososialt skolemiljø i eller i medhald av kapittel 12, skal det ved behandlinga av erstatningskrav etter [skadeserstatningsloven](#) leggjast til grunn at reglane ikkje er følgde, om ikkje kommunen eller fylkeskommunen gjer noko anna truleg.

Vedtekter for SFO

Dersom barna vert levert for tidleg eller henta for seint, vert ein fakturert for kvar påbegynte halvtime. Dersom barn vert hentar etter 16:30 vert føresette fakturert for kvar påbegynte time.

Lenke til vedtekter finn ein på Stad kommune si heimeside – Skular og barnehage – SFO:

[Forskrift om skulefritidsordning, Stad kommune, Vestland – Lovdata](#)

Det er no innført 12 timar gratis SFO for elevar på 1.til 3. trinn. Desse timane ligg mellom kl. 08.00-15.30 måndag til fredag i skuleveker.

Ved påmelding til SFO skal føresette fylle ut eit skjema for kva tid barnet skal vere på SFO. Ved endringar skal føresette gje beskjed til SFO. Meldingar kan sendast på Vigilo, eller på SMS til SFO, tlf 97783581





Stad kommune

stad.kommune.no

facebook.com/stadkommune

SFO XX skule

Besøksadresse:

Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon:

E-post: